


Klargjering for nyetablering på Børnes Industriområde

06.04.2017



Entreprenørfirma Musland Maskin og K. Hjelmeland møtte fram til synfaring på Børnes i dag. Frå Kvinnherad kommune møtte Ivar Kåre Døssland.

Berre to entreprenørar møtte fram til synfaring på Børnes industriområde i dag. Kommunen si synfaring er eit grunnlag for å gje inn totalentreprise på bygging av veg og leidningsgrøft fram til tre nye tomter. Fjellsprenging er ein vesentleg del av arbeidet. Tilbodsfristen er sett til 20. april 2017.



Kartet syner arbeidet som skal gjerast med veg, sprenging og leidningsgrøft. Arealet opp mot Fylkesvegen vert planert ut i desse dagar. Det er løyvd midlar til prosjektet og arbeidet kan starta straks entreprenør er klar. Dei tre nye tomene er kvar eiggd av Frank Søllesvik, Jarle Apeland og Kristian Tveiten. Søllesvik driv innan takst og i byggebransjen. Apeland og Tveiten driv maskindrift.

K. Hjelmeland er alt i arbeid med å planera ut det 7 dekar store arealet til Søllesvik. Noko av steinen vert transportert til Stripo på Husnes og skal nyttast til den nye avkøyrsla frå Husnes Industriområde.

Prosjektskildringa omtalar arbeidet som skal gjerast på Børnes i denne omgang:

- Tilrigging/opprydding
- Fjerning av skog og ta bort vegetasjonslaget
- Sprenging av fjell
- Bortkøyring av sprengstein
- Vegfundament
- Leidningsgrøft

Det er ei positiv utvikling for nyetablering på Børnes. Det er løyvd midlar til opprustning av kaien, som Kvinnherad kommune og Skogeigarlaget eig. Det føreligg planar frå Eidsvik Egedom AS om tilrettelegging av det ledige arealet på neset mot grensa til Hjønnenvåg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal